

Møtereferat styremøte

FONNES BYGDELAG

Sted: PSW lokaler

Dato: 15.01.2024 kl. 18:00

Deltakrar: Øystein Austrheim, Monica Fonnes, Harald Sognnes, Arild Tresvik og Helge Nyheim

Kopi: Ida G. Fonnes og Hege Ramsland

Referent: Harald Sognnes

Saksliste:

1. Godkjenne referat fra forrige møte
2. Økonomistatus
3. Utlegging av flytebrygge i Årvika, se tilbud som sendes i egen e post
4. Årsmøtet i mars - dato, sted og evt. program etter årsmøte - årsmelding, rekneskap, budsjett og val
5. Eventuelt

Referat:

1. Referat frå forrige møte
Referatet frå møtet 15.11.2023 og 7.12.2023 vart gjennomgått og godkjent.
2. Økonomistatus
Økonomien i laget er fortsett svært god. Det er 535 000 kroner på konto.
3. Utlegging av flytebrygge i Årvika
Pristilbod for søkeprosessen og utlegging (sommar/vinter) for flytebrygge prosjekt i Årvika vart gjennomgått.
Styret vedtar tilbodet frå Gårdbrukerservice under forutsetning av at søknaden vert godkjent.
Fastpristilbodet på søkeprosessen er på 46 200 kroner med forbehold om noko ekstra her. Beskrivelse lagt ved.
Fastpristilbodet på utlegging av flytebrygga er 179 021 kroner.
4. Årsmøtet
Årsmøtet vert torsdag 21 mars 2024 kl. 18:00 på Kilstraumen med middag for styret kl. 17:00.
Øystein kontaktar Kilstraumen og valnemnda.
Øystein undersøker om tema og ringer Idar Hopland om eit samarbeid her.
På val i år er Øystein Austrheim, Monica Fonnes, Arild Tresvik, Ida G. Fonnes og revisor Cevesela Pop. Det må veljast nytt varamedlem etter Idunn H. Brubakken.

Monica må gjera ferdig rekneskapen og setja opp forslag til budsjett for 2024.

Harald startar med årsmeldinga, som må vera ferdig til midten av februar.

6. Eventuelt.

Strandpromenaden Nordre Fønnesvågen

Harald orienterte om at landskapsarkitekt Jarle Skjold i Asplan Viak vert erstatta av Stine Fyrde Venge. Har avtalt med henne at ho kan vera med på eit fellesmøte med bygdelaget og arbeidsgruppa den 24. januar 2024 kl. 17:00 på Teams.

I møtet skal ein gå gjennom grunnlag for å søke tippemidlar til strandpromenaden rundt Nordre Fønnesvågen.

Harald kallar inn til møtet som vert i PSW sine lokaler på Mongstad.

I møtet kom det fram at ein bør kontakta grunneigarane om dei kan vera med å støtta søkeprosessen økonomisk.

Møtet slutt 20:00